



Bebuarar i Holsbergstien etter eigen adresseliste

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2389 - 15/17027

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

22.09.2015

Holsbergstien - Felles orienteringskriv til bebuarar i Holsbergstien - Etablering av gatelys mv

Meland kommune har blitt kontakta av nyetablert velforeining i Holsbergstien om bruk av innbetalte fondsmidlar til etablering av veglys.

Meland kommune har gjennom ordninga som vart etablert i 2008 teke på seg å forvalte innbetalte midlar til gjennomføring av rekkefølgekrava i Reguleringsplan for Holmemarka aust, slik at utbygging etter planen kunne fortsette og private bustadkjøpare ikke bli skadelidande etter konkurs hjå utbyggjar. Ordninga vart etablert gjennom vedtak om dispensasjon frå rekkefølgekrav i reguleringsplanen av 19.11.2008 og stadfesta av Fylkesmannen i Hordaland ved avgjerd av 14.8.2009. Dette orienteringsbrev er sendt alle eigedomane omfatta av ordninga.

Kommunen har i svarbrev til velforeininga stilt seg positiv til bruk av fondsmidlar for etablering av veglys, se vedlegg. Kommunen ber om tilbakemelding innan **10.10.2015** dersom dykk har merknader til bruk av midlane til dette føremålet.

Til orientering opplyser kommunen vidare at nokre av eigedomane som er omfatta av ordninga har framleis ikkje betalt sin del etter innbetalingskrav frå kommunen. Desse meiner at kravet ikkje er rettvist og at det dertil er forelda. Kommunen har i felles svarbrev til dei eigedomane det gjeld opplyst mellom anna følgjande:

«Kommunen tek til orientering at dykk framleis ikkje vil betale den del av fellesskapsmidlane som etter dispensasjonsvedtaket av 19.11.2008 ligg til dykkar eigedom. Kommunen sitt standpunkt er at dykkar betalingsplikt følgjer av nemnde vedtak og at kravet ikkje er forelda. Kommunen oppmodar om at kravet vert betalt, då det er naudsynt med innbetaling frå alle eigedomar for å kunne gjennomføre fellestiltaka omfatta av

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no